

---

**Fra:** Kristin Nåmdal  
**Sendt:** 18. august 2015 11:30  
**Til:** 'Jarle Rønnestad'  
**Emne:** SV: Tomt 54/1

Hei, viser til dine spørsmål ang. tomt 54/1 ved Husebø.

Når det gjeld spørsmålet kor mange hytter vi ser for oss i F4, er det ikkje eit rett fram svar på det. I føresegnehene står det at det må lagast ein reguleringsplan « Alle områder med arealføremål «framtidig fritidsbustad» har krav om detaljregulering» Reguleringsplanen vil vise plassering av hytter, kor mange hytter det er plass til i terrenget og vegtilkomst mellomanna.

Det er og sagt i føresegnehene dette om fritidsbustader, det vil vere førande for reguleringsplanarbeidet.

«Fritidsbustader skal ha ein maksimal storleik på 120 m<sup>2</sup> bruksareal (BRA), tomtene skal ikkje vere større enn 1,5 dekar og bygd areal (BYA) skal ikkje overstige 20 % Dersom parkeringa skjer inne på tomta, skal parkeringsareal ikkje reknast med i BRA, men inngå likevel i BYA. Største gesimshøgd er 6,0m.

I planarbeidet må ein og ta omsyn til byggjegrenser, punkt 1.6.1 i føresegnehene «Følgjande byggjegrenser, jf. PBL §§ 11-9, nr 5 og 11-11 nr 4, gjeld mot sjø for areal lagt ut til føremål: Fritidsbustad = 25m»


Ser på kartet at det er fleire eigare på dette området og det kan nok vere lurt å planlegge området under eitt særleg i høve til vegtilkomst parkering o.l( sjå vedlagt kart)

Det er ikkje lagt ut arealføremål naust eller flytebryggjer i tilknyting til dette hyttefeltet, dersom det er eit ynskje, må de ta det med i reguleringsplan og søke om dispensasjon for det.

Dersom du har planer om å utvikle området og lage ein reguleringsplan, er det lurt å be om eit møte med planavdelinga i Meland kommune.

Husebø hadde fleire innspel til arealplanrulleringa. Det er ikkje det same som ein søknad, meir eit ynskje om at det vert teke med i planen. Det er i dette planframlegget lagt ut areal for naust og flytebryggjer i Husebøvågen.

Kartutsnitt over området



-----Opprinnelig melding-----

Fra: Jarle Rønnestad [<mailto:jarle.roennestad@gmail.com>]

Sendt: 4. august 2015 13:17

Til: Kristin Nåmdal

Emne: Tomt 54/1

Har en del spørsmål til deg jeg håper du kan svare på . Jeg er blit tilbudt og kjøpe tomtaen av Husebø .

Henge broen ut til 54/23 den stenger ferdsel til 54/1og 54/11 og allmen bruk av badevik.54/1 har 250 m strandlinja som ikke er tilkomsten til ! Den har en høyde på det laveste på fjære sjø på 1m helt inne bak flyte bryggen som ligger der er det 2 m høy Dette kan umulig være lovlig ?

Hvor mangen hytter ser dere for dere på 54/1 20 eller 30 stk

Hvor dan stiler dere til nøst på tomtaen ? 5 til 10 nøst .

Regner med at det blir godkjent flyte brygge stor nok til alle hyttene som blir godkjent .

Husebø sier han hadde med flytebrygge og nøst i søknaden sin når han såkte om hytte felte . Men dere har ikke svart han .

Hilsen

Jarle Rønnestad  
97766545